

SORTERINGSGUIDE FOR HUSHALD

Gjenbruk og gjenvinning
sparar naturessursar
og energi.



Velkomen som kunde hjå



HENTEORDNING

- NÅR BOSSET VERT HENTA HEIME HJÅ DEG

Hushald i NGIR-regionen får utlevert ein dunk for restavfall, ein for papir og papp og ein for matavfall. Du får òg bioposar til matavfallet og sekkar til plastemballasje og tekstilar.

Matavfall vert henta kvar veke, medan papir og papp, plastemballasje og restavfall, vert henta annankvar veke. For å sjå kva for dag vi henter hjå deg, og kva for type avfall som vert henta, kan du søkje på adressa di på ngir.no eller laste ned MiljøID-appen. På appen kan du òg få varsling dagen før henting.

Dunkane må vere sett ut til hentepunktet innan kl. 07.00 på hentedagen. Om du er usikker på kvar ditt næraste hentepunkt er, kan du søkje på adressa di på ngir.no. La dunkane stå på hentepunktet til dei er tømde. Hentetidspunktet kan variere. Om du har felles hentepunkt med andre bustadar, må du ta med dine egne dunkar attende så raskt som mogleg etter dei er tømde, og pass på at det er dine egne dunkar, og ikkje dunkane til naboen.

Det er viktig at du set ut rett dunk på rett dag.



BRINGEORDNINGAR

- NÅR DU LEVERER BOSSET TIL EIN GJENVINNINGSSSTASJON

NGIR har konteinrar for glas- og metallemballasje rundt om i regionen. Dei fleste står plassert ved daglegvarebutikkar.

Om du har avfallstypar utanom det som kan sorterast i dunkane du har heime, eller om du har avfallsmengder som ikkje får plass i dunkane, har NGIR fem gjenvinningsstasjonar i regionen. Les meir om kva du kan levere på stasjonane på siste side. Vi har dyktige medarbeidarar på stasjonane som kan hjelpe deg med sorteringa.

Tenk òg over om det du leverer kanskje kan brukast av nokon andre. Vi har ombrukskonteinrar på stasjonane, og ting som vert levert der går til Gjenbruksbutikken til KIM i Knarvik

For dei som har lang veg til næraste stasjon, er det mobile gjenvinningsstasjonar ein gong om våren og ein gong om hausten. Du finn informasjon om desse på <https://www.ngir.no/mobilgjenvinningsstasjon>

SLIK SORTERER DU HEIME

PAPIR OG PAPP

DUNK MED BLÅTT LOK

JA TAKK!

Alt papir og papp, som til dømes aviser, drikkekartongar, pappøskjer, bølgepapp og liknande, skal kastast i dunken med blått lok. Alle typar drikkekartong kan gjenvinnast.

Skrukorken kan stå på, men hugs å skylja og tørka drikkekartongen.

NEI TAKK!

Gjennomfarga papir, papir med lim, serviettar, glansa gåvepapir, matpapir/bakepapir, våt/tilgrisa papp/papir og liknande er restavfall. Innhaldet i den blå dunken vert sortert for hand i Kjevikdalen.



PLASTEMBALLASJE

I BLANK SEKK

Plastemballasje er klar for sortering når den er tom for restar. Skyl emballasjen i kaldt vatn, bruk oppvaskbørsten viss det trengs. Flasker (sjampo, såpe, ketshup o.l) kan du fylle med vatn og riste tom for restar. Når det er tømning av plast og papir heng du plastsekken på plastkroken som er festa på papirdunken din. Har du ikkje plastkrok, legg plastsekken ved sida av papirdunken. Set sekken fram på hentedag for papp og papir. Det er viktig at sekken vert knytt godt att. Syt for at den ikkje bles vekk med vinden.

JA TAKK!

Plastemballasje inkluderer all emballasje av plast som har vore brukt til mat, drikke, vaskemiddel og liknande.

NEI TAKK!

Anna avfall av plast, som til dømes isopor, kjøkkenutstyr, hagemøblar- og leikar av plast, er restavfall. Svært tilgrisa emballasje er restavfall.



TEKSTILAR OG SKOTØY

I LILLA SEKK

Tekstilar som er heile, luktfri, brukbare, reine og tørre kan du levere i den lilla plastsekken. Knyt med dobbel knute og legg sekken oppi papirdunken. Det er viktig at loket på dunken kan lukkast heilt att, slik at verken papp, papir eller tekstilsekkane vert våte. Tekstilar levert i lilla plastsekk vert brukt til gjenbruk.

JA TAKK!

Du kan levera heile, reine og tørre klede, gardiner, putetrekk, sengetøy, pledd, dukar, bamsar, belter, skjurf, hattar, luer, vesker og skotøy.

NEI TAKK!

Tilgrisa, holete/øydelaagde og våte tekstilar er restavfall. Det same er skotøy som ikkje er heile. Innhaldet i papirspannet vert sortert manuelt. Dette inkluderer også den lilla posen.



MATAV FALL

DUNK MED BRUNT LOK

Mataavfallet leverast i grøne bioposar i dunken med brunt lok. Biobøtte til kjøkken får du på alle gjenvinningsstasjonane. Dersom du heller vil kompostera sjølv, finn du informasjon om kompostering og kompostbinge på

ngir.no/slik-sorterer-du/kompost

JA TAKK!

Mataavfall, kaffigrut/filter og teposar, kjøkkenpapir og eggekartong.

NEI TAKK!

Hageavfall, jordmassar, potteplante, tyggis, snus/sneip, oske, kattesand, hundepose og bleier er restavfall.



NYE POSAR OG SEKKAR

Når du ser at rullen nærmar seg tom, knyt ein pose/sekk av typen du manglar på **handtaket** til ein av dunkane du har heime (same kva for dunk). Då får du ein ny rull med posar/sekkar av same type som du som du festa på handtaket.

Hugs å be om nye posar/sekkar før den gamle rullen er tom.

Du kan óg få sekkar og posar på gjenvinningsstasjonane og på Gjenbruksbutikken i Solund.



RESTAVFALL

DUNK MED GRÅTT LOK

Pakk restavfallet i ein bærepose eller sekk som du knyt att før du legg han i dunken. Unngå å kasta boss direkte i dunken. Det grisar til og frys lettare fast i dunken om vinteren.

JA TAKK!

Restavfall er avfall som ikkje kan gjenvinnast, til dømes bleier, sanitetsbind, øydelagde leiker, støvsugarposar, gåvepapir og -band. Emballasje som er samansett av ulike materiale, tilgrisa papir/papp og plastemballasje er òg restavfall.

NEI TAKK!

Farleg avfall, elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall) skal leverast på gjenvinningsstasjon. Matavfall, papir, papp, drikkekartong og plastemballasje skal sorterast i egne dunkar/sekkar.

Hushald med lite avfall kan inngå avtale om sjeldan tømning av restavfall. Dette gjev reduksjon i renovasjonsgebyret. Hushald med mykje avfall kan få større dunk mot eit tillegg i gebyret. For meir informasjon sjå ngir.no.



GLAS- OG METALLEMBALLASJE

NGIR har konteinrarar for innsamling av glas- og metallemballasje på over 50 stader rundt om i kommunane, ofte ved daglegvareforretningar. Sjå kart på ngir.no.

JA TAKK

Glas- og metallemballasje frå mat og drikkevarer, hermetikkboksar, korkar og lok av metall, aluminiumsformer, form til leverpostei. Glasflasker som vinflasker, ølflasker, brusflasker, matoljeflasker og liknande,

NEI TAKK

Sprayflaskar, steintøy, eldfaste former, keramikk, spegl, peisglas, porselen, krystall, knuste glasruter, vase, lyslykt, panner, gryter og liknande. Dette skal leverast på gjenvinningsstasjon.



FARLEG AVFALL

Farleg avfall er avfall som kan forureine eller gjera skade på menneske og dyr. Avfallet skal handsamast på ein forsvarleg måte for å unngå skade. Farleg avfall leverer du på ein av våre gjenvinningsstasjonar, eller til mellombelse/mobile avfalsmottak. Då vert det teke hand om slik at helse- og miljøskadelege stoff ikkje forsoplrar naturen.



Døme på farleg avfall er:

Måling, lim, løysemiddel, olje og oljefilter, kjemikaliar, plantevernmiddel, sprayboksar, batteri, lyststoffrøyr og lyspærer, tungmetall som amalgam, bly, kadmium, kopar, kvikksølv, PCB, asbest og eternit. NB: Les viktig informasjon om levering av asbesthaldig avfall på ngir.no/asbesthaldigavfall

Sjekk sortere.no for tips og råd om sortering

GJENVINNINGSSSTASJONAR

Avfall som ikkje skal i dunken (ikkje på ja-takk lista) kan leverast til gjenvinningsstasjonane eller på mellombels avfallsmottak.

NGIR-kortet eller MiljøID-appen nyttast som adgangsbevis i bommen når du skal levere avfall til ein av våre gjenvinningsstasjonar/mellombelse avfallsmottak. NGIR kan ikkje registrere leveringa i systemet utan NGIR-kortet eller miljøID-appen. Les meir om NGIR-kortet eller MiljøID-appen på ngir.no.

På gjenvinningsstasjonane kan du til dømes levere avfall som metall, trevirke, tekstilar, isolerglass, møblar, hageavfall, elektrisk og elektronisk avfall (EE-avfall kan og leverast til forhandlar). I tillegg kan ein levere farleg avfall og glas- og metalleballasje. Du må sjølv sortere avfallet i rett konteinar. Sjå meir på ngir.no kva du kan levere.

KJEVIKDALEN	Måndag-onsdag, fredag	08.00-15.30
	Torsdag	08.00-19.00
Kjevikdalen	Laurdag	09.00-15.00
LITLÅS		
	Måndag	13.00-19.00
Litlås Industriområde	Laurdag	09.00-15.00
MANGER		
	Tysdag	13.00-19.00
Solendmyra	Laurdag	09.00-15.00
MJÅTVEIT		
	Onsdag	13.00-19.00
Mjåtveit næringspark	Laurdag	09.00-15.00
SOLUND		
Solund Verft	3. laurdag i kvar månad	09.00-15.00



www.facebook.com/ngirrenovasjon



[ngir_renovasjon](https://www.instagram.com/ngir_renovasjon)



56 34 33 10 - mineigedom@ngir.no - ngir.no